

Lindås kommune  
5914 Isdalstø  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Alversund, 11. desember 2013

## KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ GJELDANDE PLAN GBNR 119/2 SUNDSBØ. GJELD HYTTEFELT H3

Avslaget er grunngeve med at det etter administrasjonen si meining er mange usikre tilhøve knytt til miljø, tryggleik, tilgjenge, og helse.

Ein har fylgjande kommentar til avslaget:

### 1. Krav til reguleringsplan - stikkord: miljø og tilgjenge

Vegutløsning til hytte 1 er den einaste naturlege vegtraseen for hyttefeltet. Godkjenning av avkjørsel frå kommunal veg er føresett behandla saman med ein byggjesøknad. Vegen går ikkje over dyrka mark men vil i tillegg til vegutløsning til del av hyttefeltet også gje traktorveg til eit mindre område med innmark. I forholdet til landbruket vil vegen vere eit positivt element.

For tomt nr 2 var ein ikkje merksam på at ein skulle ta med løysing for veg, vatn og avløp sidan det her ikkje er planlagt oppføring av hytte i første omgang. Administrasjonen har lagt til grunn at denne tomte skal ha «tilkomst direkte frå RV400» Tomta grensar også til ny veg til hytte nr. 1 og vil få tilkomst direkte til denne nye vegen. Dermed unngår ein ny avkøyring til kommunal veg. Tomta vil kunna få vatn frå borehol. Avløp frå tomt nr. 2 er tenkt løyst ved at det føl vegen til tomt 1 og går inn på Biovac reinseanlegg med sandfiltergrøft på tomt nr 1.

Grunneigar har pr dato ingen planar om å realisere fleire tomter innanfor hyttefeltet.

Det er vanskeleg å sjå kva ein reguleringsplan for ein svært avgrensa utbygging av hyttefeltet vil avklara som ikkje kan avklarast på grunnlag av min søknad med tilleggsopplysningar i denne klagen. Både avløp, vegframføring, tilhøve til landbruksnæring og talet på hytter skal være gjort greie for.

### 2. Krav om trafikksikring – stikkord: tryggleik og helse

I administrasjonen sin drøfting er det lagt til grunn at to nye einingar «vil neppe generere trafikkauke av særleg omfang» Det er ingen tvil om at dei omsøkte einingane ikkje vil generere trafikkauke av særleg omfang. Administrasjonen legg også til grunn at andre tiltak langs FV400 med same krav, ikkje har fått pålegg om å gjennomføre noko trafikksikringstiltak. Når administrasjonen peikar på at det er urimeleg å stilla krav om gang- og sykkelveg til ei svært avgrensa utbygging av dette hyttefeltet, så kan det ikkje vere noko usikre høve knytte til tryggleik og helse. Når det ikkje ligg føre ”usikre tilhøve” knytte til trafikksikring, er det lagt til rette for at kommunen må kunna ta eit standpunkt til søknaden om dispensasjon.

Dersom det blir mogeleg å realisere 1-2 hytter i dette hyttefeltet, så er vi merksam på at ved ein potensiell vidare utbygging av hyttefeltet i framtida, så forpliktar vi oss til å delta økonomisk med vår del i dei fellesanlegg som då må opparbeidast.

Eg ber om at min søknad med ny info i denne klagen vert handsama på nytt og vonar på ei positiv løysing.

Med helsing  
for grunneigar Egil Sundsbø

Oddvar Sundsbø

Tlf 901 57 747  
E-post [osundsbo@online.no](mailto:osundsbo@online.no)  
Adr. Kyrkjevegen 45, 5911 Alversund